

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Senea Sabanovic (A) sette på vegner av A, SV, MDG, V, Sp fram slikt forslag

«Nytt punkt 2:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget. I 2020 innarbeidast det at prosjekt med tilknytning til konsekvensane av koronapandemien vil prioriterast for blant anna:

- Å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur.
- Å nytte prosjektmidlane til å bidra til at aktørar lettare kjem ut av eventuelle utfordringar som følgje av koronapandemien.

Fylkesdirektør får fullmakt til å innarbeide dette i retningslinjene for KUP 2020 og lyse ut midlane så snarast råd er.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag punkt 2 fekk 2 røyster (Pp, Frp) og falt mot Sabanovic sitt forslag som fekk 13 røyster (A, SV, MDG, V, Sp, H, FNB, R) og vart vedtatt.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)» lyser ut dei vedtekne 7 200 000 kroner i form av ei tilskotsordning.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget. I 2020 innarbeidast det at prosjekt med tilknytning til konsekvensane av koronapandemien vil prioriterast for blant anna:
 - Å stimulere til utprøving og gjennomføring av nyskapande formidling og aktivitet innan kunst og kultur.
 - Å nytte prosjektmidlane til å bidra til at aktørar lettare kjem ut av eventuelle utfordringar som følgje av koronapandemien.

Fylkesdirektør får fullmakt til å innarbeide dette i retningslinjene for KUP 2020 og lyse ut midlane så snarast råd er.